

Fra: Tømmerbakke, Siren Elise <siren.tommerbakke@statsforvalteren.no>
Sendt: tirsdag 31. oktober 2023 12:15
Til: Post Osterøy
Kopi: tyssebotnastrid@gmail.com
Emne: Driveplikt på jordbruksareal

Spørsmål om driveplikta på gbnr. 100/3,5 og 9 i Osterøy kommune

Johannes Tyssebotn som eig og driv gbnr. 100/1 i Osterøy kommune tok kontakt med oss på telefon fredag 20.10.22. Spørsmåla han hadde gjeld tilhøve på nabobruket gbnr. 100/3, 5 og 9. Etter det vi fekk opplyst er ikkje jordbruksareala på denne eigedomen i drift.

Kommunen og Statsforvaltaren skal sjå til at driveplikta, som er fastsett i jordlova § 8, vert oppfylt, eller at det eventuelt vert gjeve fritak frå plikta. I praksis er det kommunen som i første omgang må følgje opp denne tilsynsoppgåva. Meldinga frå Tyssebotn vert difor vidaresendt til kommunen.

På generelt grunnlag – og til orientering - vil vi nemne følgjande:

Statsforvaltaren har dei siste åra arbeidd med å rettleie kommunane slik at dei får oversikt over kva jordbruksareal som ikkje er i drift, og kan følgje opp slik at mest mogeleg av desse areala kjem i drift igjen og kan nyttast til matproduksjon.

På Statsforvaltaren si heimeside **Landbruk og mat – For kommunane** vil de finne informasjon om regelverket, informasjon som kan sendast til grunneigarar og rettleiing for sakshandsaming. [Areal og eigedommar | Statsforvaltaren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#). De kan også ta kontakt med oss for meir informasjon.

Med venleg helsing
Siren Elise Tømmerbakke
Seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 22 90
E-post: siren.tommerbakke@statsforvalteren.no
Web: www.statsforvaltaren.no/vl